

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.04.2016  
Vår ref.: 2016/2594-6  
Saksbehandlar: karvik\_  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Ny rammeavtale og endring i honorar/løn

Hordaland fylkeskommune vedtok 1. oktober 2015 å justere satsane for honorar og løn for utøvarar som er på turné i samband med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. (Kultur- og ressursutvalet 1. oktober, sak PS 153/2015.)

Utgangspunktet for dei oppjusterte satsane er rammeavtale mellom Akershus fylkeskommune og Kunstnarnettverket datert 16. april 2015.

Nytt dagshonorar er kr 3 718, og ny dagsløn er kr 2 894. Nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.

Dei av dykk som har fått utbetalt honorar/løn våren 2016 etter gamle satsar, vil få differansen etterbetalt. Løna for lønsmottakarar vert ordna, sjølvstendig næringsdrivande og firma må sende faktura på differansen.

Ta kontakt med Kari Vik ([kari.vik@hfk.no](mailto:kari.vik@hfk.no), 55 23 99 71) dersom de har spørsmål.

Ronny Skaar  
Utviklingssjef

Charlotte Espeland  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg

- 1 Rammeavtale lønsmottakar og Rammeavtale sjølvstendig næringsdrivande